

Landets kommuner

Deres ref.:  
Vår ref.: 17/3498-7  
Saksbehandler: Andreas Wedervang-Resell  
Dato: 16.03.2017

## **Kartlegging av vald og trugsmål mot helsepersonell og medpasientar - kartlegging i kommunane**

HelseDirektoratet har fått i oppdrag å kartleggje omfanget av vald og trugsmål mot helsepersonell og medpasientar. Dette er ein del av arbeidet direktoratet gjer for å gjennomføre ei analyse av risiko- og sårbarheit i helse- og omsorgssektoren.

HelseDirektoratet skal:

- Kartleggje omfang av vald og trugsmål mot helsepersonell og medpasientar
- Kartleggje korleis arbeidsgjevarar i helsetenesta tek hand om beredskapen for førebygging og handsaming av vald og trugsmål som ein del av HMS-arbeidet.

Oppdraget omfattar både primær- og spesialisthelsetenesta, det er ikkje meint å femne terrorhendingar og terrortrugsmål.

HelseDirektoratet er kjend med at ulike system for registrering og kartlegging av omfanget av vald og trugsmål vert nytta i ulike deler av tenestene. Vi vil i dette oppdraget freiste å kartleggje korleis de registrerer dette i dag.

Til denne kartlegginga bed vi om at de gjev oss melding om

### **1. Omfanget av vald og trugsmål mot helsepersonell og medpasientar**

- Talet på tilfelle av vald og trugsmål og medpasientar frå 2012 til og med 2016. Dersom det ikkje finst talmateriale attende til 2012, ynskjer vi tal så langt attende som mogleg

#### **HelseDirektoratet**

Avdeling spesialisering og etterutdanning

Andreas Wedervang-Resell, tlf.: +4791525464

Postboks 7000 St. Olavs plass, 0130 Oslo • Besøksadresse: Universitetsgata 2, Oslo • Tlf.: 810 20 050

Faks: 24 16 30 01 • Org.nr.: 983 544 622 • [postmottak@helsedir.no](mailto:postmottak@helsedir.no) • [www.helseDirektoratet.no](http://www.helseDirektoratet.no)

Vi bed også om at de skildrer:

2. Korleis kommunen som arbeidsgjevar tek hand om beredskapen for førebygging og handsaming av vald og trugsmål som ein del av HMS-arbeidet.
3. Kva de registrerer som vald og trugsmål, gjerne med ein definisjon.
4. Korleis og kvar trugsmål og vald mot helsepersonell og medpasientar vert registrert
5. Kva rutinar tenestene har for å handsame situasjonar når dei hender.
6. Korleis de fylgjer opp den eller dei som vert råka.
7. Kva tiltak er sett i verk for å førebyggje vald og trugsmål mot helsepersonell, gjerne med døme på vellykka tiltak.

**Frist for å svare er 28. april 2017**

Dersom de har spørsmål, ver vennlig å ta kontakt per telefon 915 25 464 eller e-post med [andreas.wedervang-resell@helsedir.no](mailto:andreas.wedervang-resell@helsedir.no)

Helsedirektoratet er takksame for all hjelp i samband med dette viktige arbeidet.

Vennlig hilsen

Randi Moen Forfang e.f.  
avdelingsdirektør

Andreas Wedervang-Resell  
seniorrådgiver

*Dokumentet er godkjent elektronisk*

